




Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport – 2. kvartal 2019

Ørskog Sparebank



Delårsrapport 2. Kvartal 2019.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 9,578 mill. kr. pr. 30.06.2019. Dette utgjør ein nedgang på 1,570 mill.kr. mot 30.06.2018. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 7,23 %. Rentenettoen har styrka seg trass sterk konkurranse i bankmarknaden, og ein har også hatt ein auke i provisjonsinntektene. Banken har ei målsetjing om utlånsvekst, og har i kvartalet auka lønskostnader grunna auka bemanning for å nå denne veksten. Banken har i kvartalet auka både individuelle og gruppevisse tapsavsetnader som påverkar resultatet negativt. Banken sin balanse er solid med ei kjernekapitaldekning på 18,62 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. Dei same rekneskapsprinsippa som banken nyttar i årsoppgjeret, er brukt ved oppstilling av kvartalsrekneskapen.

I høve IFRS reglane er det gjort ei endring i oppstillingsplanen for rekneskapen i dei to første kvartala for 2019. Mellom anna betyr dette at renteinntekter frå låneengasjement med tapsavsetning blir ført som ei inntekt på tapslinja i resultatet, ikkje som brutto renteinntekt.

Ørskog Sparebank har pr. 30.06.2019 eit resultat før tap og skatt på 14,181 mill. kr. tilsvarende 1,08 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). På same tid i fjor vart resultatet 14,209 mill. kr. tilsvarende 1,13 % av GFK.

Resultat etter skatt og tap vart 9,578 mill. kr. og på same tid i fjor vart resultatet 11,149 mill. kr.

Resultat pr. 30.06.2018 kan ikkje direkte samanliknast grunna endra oppstillingsplan.

Svekkinga skuldast mellom anna auka lønnskostnader, og auka individuelle og gruppevisse tapsavsetnader.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 23,215 mill. kr. mot 21,393 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2018. Dette utgjør 1,77 % av GFK, mot 1,70 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg på trass av sterk priskonkurranse mellom bankane spesielt på personkundemarknaden. Noregs Bank satte i slutten av juni opp styringsrenta med 0,25 %poeng, og dei fleste større bankane har følgd etter med rentehevingar. Ørskog Sparebank har den 03. juli justert både utlåns- og innskotsrenter, noko som vil få innverknad frå august. Banken ventar ein positiv effekt frå renteendringa i 3. kvartal.

Provisjonsinntektene er 6,600 mill kr. mot 6,416 mill kr. pr. 30.06.2018. Banken har i første halvår hatt fokus på sal av skadeforsikringar, og har

lukkast i å skape god porteføljevekst som bidreg til ein auke i provisjonsinntektene.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på 2,612 mill. kr. og utgjør 17,378 mill. kr. mot 14,766 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,33 % mot 1,18 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 59,14 % pr. 30.06.2019 mot 54,04 % pr. 30.06.2018.

Ørskog Sparebank har som målsetting å tilby god personleg rådgjeving til både privat- og bedriftsmarknaden. Auka kompetanse og bemanning er eit viktig grep for å oppnå berekraftig vekst og dermed legge til rette for målretta utlånsvekst og auka provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareavtalar.

Banken har også i dette kvartalet brukt mykje ressursar på å tilpasse seg den nye anti-kvitvaskingslova. Ein har henta inn oppdatert legitimasjon frå ein stor del av kundeportefølja.

Banken har i 2019 ferdigstilt ei større oppussing og oppgradering av bankbygget på Sjøholt. Dette har gitt auka eingongskostnader og eit auka avskrivingsgrunnlag i for året så langt.

Banken ser ei stabil utvikling i IT kostnadene, og arbeider meir effektivt med hjelp av automatiserte og digitale prosessar.

Styret ventar at dei tiltaka som er gjennomførte vil gi ei positiv utvikling for banken i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjør 2.740 mill. kr., mot 2.615 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjør 2.324 mrd. kr og er ein auke på 161 mill. kr. sidan i fjor. Banken nyttar dels Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna er samla auke i dei totale låna på 188 mill. kr. Dette utgjør ein auke på 7,23 % samanlikna med fjoråret. Totale utlån er no på 2.788 mill. kr om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

Konkurransen på personkundemarknaden held seg oppe, særleg rundt refinansiering av bustadlån og på ung-segmentet. Den lokale bustadmarknaden syner ei stabil utvikling, men det har vore låg omsetjing av eigedom særleg i Ørskog kommune.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som utviklar seg i samsvar med banken sine budsjett.

Misleghald og tapsutsett portefølje

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 13,9 mill. kr. tilsvarende 0,6 % av brutto utlån. Tilsvarende tal pr. 30.06.2018 var 6,3 mill. kr. tilsvarende 0,3 % av brutto utlån. Aukn skuldast nokre få misleghaldne bustadlån og mindre næringsengasjement som har utvikla seg negativt. Banken er sikra med pant i fast eigedom og ser ikkje noko fare for vesentlege tap knytt til dei engasjementa som er misleghaldne.

Banken har i kvartalet bokført netto 1,6 millionar i auka gruppevis og individuelle tapsavsetningar.

Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjør 62,5 mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 57,6 mill. kr. pr. 30.06.2018. Banken sine kredittrådgjevarar følgjer tett opp portefølja med handlingsplanar og overvakar utviklinga.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 128 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjør no 1.983 mrd. kr. Dette er ein auke på 6,94 %. Innskotsdekninga er på 85,3 % pr. 30.06.2019 mot 85,7 % pr. 30.06.2018.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør 58,6 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjør 201,9 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på 2,2 mill. kr pr. 30.06.2019. Dette er 0,5 mill. kr. høgare enn samanliknbare tal i 30.06.2018.

I kvartalet har banken selt mindre aksjepostar og eigenkapitalbevis med vinst. Vidare har banken delteke i eit samla kjøp av aksjar saman med 51 andre bankar i Eika Alliansen. Etter kjøp av 6.104 aksjar eig no banken 0,33% av aksjane i Eika Gruppen AS.

Rekneskapen i 2018 syner at banken skreiv opp verdien av aksjar knytt til VIPPS. Styret ventar ikkje at det vil kome slike transaksjonar i 2019 som gir rekneskapsmessig effekt på verdipapir.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 250 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på til saman 150 mill. kr.

Långjavar	NOK Mill	Innfriing	3M NIBOR +
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	sep.19	1,09 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	des.19	1,60 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	feb.20	0,83 %
Obligasjonslån	50	nov.20	1,15 %
Obligasjonslån	50	apr.21	0,95 %
Obligasjonslån	50	okt.21	0,98 %
Obligasjonslån	50	jun.22	1,04 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	nov.22	0,99 %
Obligasjonslån	50	nov.24	0,87 %
SUM	400		1,06 %

Størsteparten av desse har 1-3 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur.

Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 130 mill. kr i DNB som nyleg er fornya. Ved kvartalsskiftet hadde banken innskot på kontoen på ca. 63,1 mill. kr.

Banken har i april 2019 sikra seg 50 mill. kr. i ny finansiering ved å ta opp eit nytt obligasjonslån som blei nytta til å innfri eit like stort obligasjonslån med forfall i juni. Lånet har 5 års løpetid og er sikra til gunstige vilkår.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er 310,8 mill. kr. Kapitaldekninga er på 20,61 % pr. 30.06.2019 mot 21,13 % pr. 30.06.2018. Banken sin reine kjernekapital er på 280 mill. kr. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 18,62 % mot 18,99 % i fjor. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarforetak i samarbeidande gruppe er utrekna til 17,12 %. Konsolidert ansvarleg kapital for eigarforetak i samarbeidande gruppe er utrekna til 19,34 %.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 6,5 % mot 8,1 % pr. 30.06.2018

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden er låge. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevis nedskrivingane. Banken sine lån til næringslivet utgjør 23,3 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Likevel vil det vere ein viss risiko knytt til effektane av maknadsmessige svingingar, arbeidsløyse, skilsmisse, konkurs eller dårleg betalingsvilje.

Volumet av misleghaldne engasjement har auka så langt i år, men styret er likevel nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån. Styret vurderer kredittrisiko i banken til å vere klart

innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kredittpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko. Finansieringsgraden (forholdet mellom innskot og utlån) er på 85,3 % pr. 30.06.2019 mot 85,7 % pr. 30.06.2018.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, men følger framleis tiltaka banken har iverksett for å betre innskotsdekning nøye. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskriving av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Styret er nøgd med banken sin utlånsvekst i kvartalet. Den vidare kostnadsutviklinga vil bli nøye følgt opp. Styret vurderer at banken sin finansielle stilling er god, og har fokus på å oppretthalde ei nøktern og kostnadseffektiv drift.

Grunna noko høgare misleghald, og vurdering av einskilde låneengasjement aukar banken i kvartalet individuelle og gruppevise tapsavsetningar. Dette påverkar halvårsresultatet i negativ retning.

Totalt sett ventar banken at resultatet for 2019 vil bli litt svakare enn i 2018. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengelig lokalbank, ventar styret at banken vil kunne ha ein lønsam og god vekst vidare i 2019.

Ørskog Sparebank 2. Kvartal

RESULTAT

Tall i tusen kroner	NOTE	2. Kvartal isolert		2. Kvartal		Året
		2019	2018	2019	2018	2018
Renteinntekter og liknande inntekter		20.997	17.788	40.582	35.326	73.353
Rentekostnader og liknande kostnader		9.071	7.059	17.367	13.933	28.604
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		11.926	10.729	23.215	21.393	44.748
Utbytte og andre innt. av verdipapirer med var. avkastning		1.824	1.373	1.854	1.373	1.373
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.547	3.221	6.600	6.416	12.785
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		385	433	772	893	1.848
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp		144	(25)	319	280	7
Andre driftsinntekter		150	265	343	405	688
Netto andre driftsinntekter		5.280	4.401	8.344	7.582	13.005
Personalkostnader		2.960	2.339	7.902	6.291	15.535
Administrasjonskostnader		3.482	3.343	6.984	6.728	13.314
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eignelutar		408	282	812	573	1.175
Andre driftskostnader		769	530	1.680	1.174	2.835
Sum driftskostnader		7.619	6.494	17.378	14.766	32.859
Resultat før tap		9.587	8.636	14.181	14.209	24.895
Tap på utlån, garantiar m.v.	1	1.385	(253)	1.645	(191)	1.353
Kurstap anleggsaksjar		(11)	(5)	(11)	(5)	(1.837)
Nedskrivning anleggsaksjar		122	-	122	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt		8.092	8.894	12.425	14.406	25.378
Skatt		1.689	1.885	2.847	3.257	6.073
Resultat av ordinær drift etter skatt		6.403	7.009	9.578	11.149	19.305

BALANSE – EIGNELUTAR

		2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Kontantar og fordringar på sentralbankar		72.925	74.185	71.160
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		78.641	80.787	9.057
Utlån til og fordringar på kundar	4	2.324.210	2.163.574	2.234.237
Individuelle nedskrivninger på utlån	2, 4	(15.400)	(13.800)	(15.000)
Nedskrivninger på grupper av utlån	2	(3.500)	(2.750)	(3.100)
Sum netto utlån og fordringar på kundar	4	2.305.310	2.147.024	2.216.137
Sert., obl og andre renteberende vp med fast avkast.		201.867	267.305	230.445
Aksjar, andelar og andre vp med variabel avkastning		58.559	28.135	31.743
Utsatt skattefordel		2.261	2.331	2.261
Varige driftsmiddel		13.931	10.632	13.217
Andre eignelutar		276	64	106
Forskjotsbetalingar og ikkje påløpte kostnader		6.171	5.125	4.961
Sum Eignelutar		2.739.940	2.615.587	2.579.086

BALANSE – GJELD OG EIGENKAPITAL

		2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	6	150.003	150.000	152.982
Innskott frå og gjeld til kundar		1.983.274	1.854.620	1.836.741
Gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir	6	249.997	275.000	250.000
Anna gjeld		8.216	7.524	11.781
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter		15.779	12.624	4.489
Avsetningar for påløpne kostnader og forpliktingar		2.773	2.850	2.773
Ansvarleg lånekapital	5, 6	30.000	30.000	30.000
Sum Gjeld		2.440.042	2.332.618	2.288.766
Innskutt eigenkapital		-	-	-
Sparebankens fond	5	290.320	271.820	290.320
Gåvefond	5	-	-	-
Rekneskapsperiodens resultat		9.578	11.149	-
Sum Eigenkapital		299.898	282.969	290.320
Sum Gjeld og Eigenkapital		2.739.940	2.615.587	2.579.086

NØKKELTAL

	2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
<i>Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	59,1 %	54,0 %	58,3 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	17,7 %	-8,6 %	0,6 %
Eigenkapitalavkastning*	6,5 %	8,1 %	6,9 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	21,0 %	21,7 %	20,6 %
Innskotsmargin hittil i år	0,24 %	0,04 %	0,11 %
Utlånsmargin hittil i år	2,05 %	2,18 %	2,15 %
Netto rentemargin hittil i år	1,77 %	1,70 %	1,75 %
Innskott og Utlån			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	23,3 %	23,1 %	23,0 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	20,6 %	20,8 %	20,4 %
Innskotsdekning	85,3 %	85,7 %	82,2 %

	2019	2018	2018
<i>Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Soliditet			
Ren kjernekapitaldekning	18,62 %	18,99 %	19,93 %
Kjernekapitaldekning	18,62 %	18,99 %	19,93 %
Kapitaldekning	20,61 %	21,13 %	22,04 %
Leverage ratio	10,46 %	9,89 %	10,70 %
Likviditet			
LCR	175	151	160
NSFR	127	137	134

Finansdepartementet fastsette 25. november 2015 forskrift om endring av CRR/CRD IV-forskrifta med regler om eit krav til likviditetsreserve (LCR). Dette måleparameteret skal sikre at banken har likvide eigendeler under eit stressscenario over 30 dagar. Eksempel på hendingar i ei stressperiode

er nedgradering av bankens kredittvurdering, auka uttak av innskot og ingen tilgang til marknadsfinansiering. Bankens resultat overstig offentlig krav med god margin.

NOTE 1 – TAP PÅ UTLÅN

	2. Kvartal isolert		2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2019	2018	2018
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	1.200	-250	400	-250	-250
Periodens renter på nedskrevet del av utlån			-427		
Periodens endring i gruppevis nedskrivninger	400	-	400	100	450
Perioda si endring i individuelle nedskrivninger på garantier			-	-	1.200
Periodens konstaterte tap som det tidligere er nedskrevet for	-	-	1.200	-	-47
Periodens konstaterte tap som det tidligere ikke er nedskr. for	-	-	83	-	-
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-	-3	-11	-41	-
Periodens tapskostnad	1.385	-253	1.645	-191	1.353

NOTE 2 – NEDSKRIVNINGER PÅ UTLÅN OG GARANTIER

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier

	2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Individuell nedskrivning ved begynnelsen av perioden	14.200	14.050	14.050
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	1.000	-	-
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	300	-	1.200
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-100	-250	-250
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-	-	-
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	15.400	13.800	15.000

Gruppenedskrivninger på utlån

	2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Gruppenedskrivninger ved begynnelsen av perioden	3.100	2.650	2.650
Periodens endring i gruppenedskrivninger	400	100	450
Tilbakeføring av nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	-	-	-
Gruppenedskrivninger ved slutten av perioden	3.500	2.750	3.100

NOTE 3 – MISLEGHOLDNE OG TAPSUTSETTE ENGASJEMENT

Misleghaldne engasjement

	2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Brutto misleghaldne utlån	15.115	6.296	8.984
Individuell nedskrivning	-1.200	-	-
Netto misleghaldne utlån	13.915	6.296	8.984

Andre tapsutsette engasjement

	2. Kvartal	2. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldt)	76.653	71.420	77.770
Individuell nedskrivning	-14.200	-13.800	-15.000
Netto tapsutsette engasjement	62.453	57.620	62.770

NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	2. Kvartal 2019	2. Kvartal 2018	Året 2018
Landbruk	27.034	27.847	29.185
Industri	26.233	28.716	26.621
Bygg, anlegg	90.574	73.190	76.020
Varehandel	51.913	52.676	56.662
Transport	10.359	8.214	7.442
Eigedomsdrift	287.315	257.662	272.142
Tjenesteytende ellers	48.941	50.577	45.296
Sum næring	542.369	498.883	513.368
Personkunder	1.781.842	1.664.690	1.720.869
Brutto utlån	2.324.211	2.163.573	2.234.237
Inividuell nedskrivning	-15.400	-13.800	-15.000
Gruppenedskrivninger	-3.500	-2.750	-3.100
Netto utlån til kunder	2.305.311	2.147.024	2.216.137
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	463.450	436.178	439.942
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.768.761	2.583.202	2.656.079

NOTE 5 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning

	2. Kvartal 2019	2. Kvartal 2018	Året 2018
Sparebankens fond	290.320	271.820	290.320
Sum egenkapital	290.320	271.820	290.320
Frådrag i ren kjernekapital	-10.395	-5.820	-7.578
Ren kjernekapital	279.925	266.000	282.742
Sum kjernekapital	279.925	266.000	282.742
Ansvarleg lånekapital	30.000	30.000	30.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-	-
Sum tilleggskapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	309.925	296.000	312.742

	2019	2018	2018
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	2.205	2.155	2.601
Institusjoner	7.049	11.677	10.054
Føretak	148.724	149.153	130.724
Pantsikkerhet eignedom	1.019.796	925.237	962.257
Forfalne engasjement	21.315	13.418	14.840
Høyrisikoengasjement	43.880	49.243	45.891
Obligasjoner med fortrinnsrett	16.613	19.791	17.767
Fordring på institusjoner og føretak med kortsiktig rating	14.029	15.258	111
Andelar verdipapirfond	6.492	-	-
Eigenkapitalposisjoner	29.071	27.221	29.071
Øvrige engasjement	87.847	85.236	98.768
CVA tillegg	130	186	166
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.397.152	1.298.575	1.312.250
Berekningsgrunnlag for operasjonell risiko	106.591	101.996	106.591
Berekningsgrunnlag	1.503.743	1.400.571	1.418.841

Kapitaldekning i %	20,61 %	21,13 %	22,04 %
Kjernekapitaldekning	18,62 %	18,99 %	19,93 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,62 %	18,99 %	19,93 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,99 %	10,46 %	10,70 %

Bufferkrav			
Bevaringsbuffer (2,50 %)	37.594	35.014	35.471
Motsyklisk buffer (2,00 %)	30.075	28.011	28.377
Systemrisikobuffer (3,00 %)	45.112	42.017	42.565
Sum bufferkrav til ren kjernekapital	112.781	105.043	106.413
Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %)	67.668	63.026	63.848
Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav	99.476	97.932	112.481

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,33 % i Eika Gruppen AS og på 0,54 % i Eika Boligkreditt AS.

	2019	2018	2018
Ren kjernekapital	287.539	272.329	288.161
Kjernekapital	290.947	275.160	292.040
Ansvarlig kapital	324.979	308.960	325.843
Beregningsgrunnlag	1.679.953	1.558.773	1.584.223
Kapitaldekning i %	19,34 %	19,82 %	20,57 %
Kjernekapitaldekning	17,32 %	17,65 %	18,43 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,12 %	17,47 %	18,19 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,62 %	9,22 %	9,13 %

NOTE 6 – GJELD STIFTET VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER

	2. Kvartal 2019	2. Kvartal 2018	Året 2018
Obligasjonar, nominell verdi	249.997	275.000	250.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	249.997	275.000	250.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,69 %	2,39 %	2,27 %
	2. Kvartal 2019	2. Kvartal 2018	Året 2018
Ordinær ansvarlig lånekapital, nominell verdi	30.000	30.000	30.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum ansvarlig lånekapital og fondsobligasjonslån	30.000	30.000	30.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	4,22 %	3,92 %	3,93 %
	2. Kvartal 2019	2. Kvartal 2018	Året 2018
KFS-lån	150.000	150.000	150.000
Lån fra andre kredittinstitusjoner	3	-	2.982
Sum lån fra kredittinstitusjoner med avtalt løpetid	150.003	150.000	152.982
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,86 %	2,83 %	3,26 %

NOTE 7 – RESTNEDBETALINGSTID

Restnedbetalingstid på eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	72.925	72.925
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	78.641	78.641
Utlån til kundar	13.410	57.839	172.842	259.599	1.801.621	-	2.305.311
Obligasjonar/sertifik.	-	5.008	30.079	166.779	-	-	201.867
Aksjar	-	-	-	-	-	58.559	58.559
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	22.638	22.638
Sum eignelutar	13.410	62.847	202.921	426.379	1.801.621	232.763	2.739.941

GJELD OG EK

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	25.000	75.000	50.000	-	3	150.003
Innskott frå kundar	1.559	584.043	5.297	-	-	1.392.375	1.983.274
Obligasjonsgjeld	-	-	50.000	200.000	-	-3	249.997
Ansvarleg lån	-	-	-	30.000	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	26.768	26.768
Eigenkapital	-	-	-	-	-	299.898	299.898
Sum gjeld og eigenkapital	1.559	609.043	130.297	280.000	-	1.719.041	2.739.940

NOTE 8 – RENTEENDRINGSTIDSPUNKT

Renteendringstidspunkt for eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	72.925	72.925
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	78.641	78.641
Utlån til kundar	-	-	-	-	-	2.305.311	2.305.311
Obligasjonar/sertifik.	60.400	136.476	4.992	-	-	-	201.867
Aksjar	-	-	-	-	-	58.559	58.559
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	22.638	22.638
Sum eignelutar	60.400	136.476	4.992	-	-	2.538.073	2.739.941

GJELD OG EK


	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	150.000	-	-	-	3	150.003
Innskot frå kundar	-	-	-	-	-	1.983.274	1.983.274
Obligasjonsgjeld	150.000	100.000	-	-	-	(3)	249.997
Ansvarleg lånekapital	30.000	-	-	-	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	26.768	26.768
Eigenkapital	-	-	-	-	-	299.898	299.898
Sum gjeld og eigenkapital	180.000	250.000	-	-	-	2.309.940	2.739.940

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 15.08.2019 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 2. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.06.2019. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 2. kvartal 2019 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapet gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.06.2019.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 30.06.2019


Arne Jan Sollied
Styreleiar


Petter Vinje
Vararepr. for tilsette


Torstein L. Stavseng
Nestleiar


Ingunn Fladmark
Styremedlem


Stig L. Stokke
1. varamedlem


Eirik Kavli
Banksjef